

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 94/2014**

094-2014n

av 16. mai 2014

om endring av vedlegg XIII til EØS-avtala (Transport)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”EØS-avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 530/2012 av 13. juni 2012 om framskunda innføring av krav om dobbelt skrog eller tilsvarende konstruksjon for oljetankskip med enkelt skrog (omarbeiding)⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Forordning (EU) nr. 530/2012 opphevar europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 417/2002⁽²⁾, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 3) Vedlegg XIII til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkkel 1

I vedlegg XIII til EØS-avtala skal teksta i nr. 56m (europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 417/2002) lyde:

”32012 R 0530: Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 530/2012 av 13. juni 2012 om framskunda innføring av krav om dobbelt skrog eller tilsvarende konstruksjon for oljetankskip med enkelt skrog (omarbeiding) (EUT L 172 av 30.6.2012, s. 3).”

Artikkkel 2

Teksta til forordning (EU) nr. 530/2012 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 17. mai 2014, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

Artikkkel 4

Denne avgjerda skal kunngjeraast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 16. mai 2014.

For EØS-komiteen

Gianluca Grippa

Formann

⁽¹⁾ TEU L 172 av 30.6.2012, s. 3.

⁽²⁾ TEF L 64 av 7.3.2002, s. 1.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.